

# Sofaprat

Alfred Jens Bjørlo: Stortingsrepresentant for Venstre, distriktspsykopat og grunneigar i Nordfjord



Leif Jarle Espedal: ordførar i Fjaler, politikar i Arbeiderpartiet og økobonde frå Fjaler



Anders Felde: tillitsvald i Nortura og Mjølkebonde i Gloppen



Hans Jakob Reite er oppvaksen på kystsmåbruket og utdanna på Landbrukshøgskulen. Han er samfunnkontakt på Høgskulen på Vestlandet, og har tidlegare livnært seg både som fylkesagronom og kulturmeldar. Ein allsidig og samfunnsengasjert kar som likar seg i teaterlyset. Han set pris på miksen av skarpe debattar og koseprat i sofaen.



Foto: Sverre Hjørnevik

## Desse treff du på konferansen



Aasmund Nordstoga: Gardbrukar og visesongar frå Vinje i Telemark. Skøyter på inntekt og gjeremål med fast spalte i Nationen annankvar laurdag.  
Nytt fjos med 18 båsplassar og robot i 2019. Har ikkje angra enno!



Ove Farsund: Sunnfjord kommunestyre (AP) og leiar av Utval Nærings og Miljø  
Ove er oppteken av landbruk. Fordi han ikkje kan produsere maten sin sjølv, kan han være litt stor i kjeften i forhold til auka sjølvforsyning og høgare tollvern på mat vi kan produsere sjølve.



Yngve Rekdal: Beitegranskars i utmark i 43 år. No arbeidande pensjonist ved NIBIO.



Jonas Dalland: Jonas kjem frå ein gard på Radøy i Alver kommune som driv med sau. Samstundes har han vore mykje med i drifta på nabogarden der dei driv med mjølkeproduksjon og leigekøyring. Jonas har ei bachelor i landbruksteknikk frå Blæstad og jobbar no som rådgjevar innan presisjonsjordbruks og grovfôr i NLR.

## Desse treff du på konferansen



Martin Fodstad Stølen: Dr. Martin F. Stølen er en norsk forsker og grunder som er kjent for sitt arbeid innen robotteknologi og landbruksteknologi. Han er førsteamannusis ved Høgskulen på Vestlandet og grunnlegger av Fieldwork Robotics Ltd, et selskap som ble spunnet ut fra hans forskning ved University of Plymouth i Storbritannia. Stølen har ledet internasjonale forskningsprosjekter finansiert av organisasjoner som Innovate UK, EU og Norges forskningsråd, og samarbeider tett med industripartnere for å teste og forbedre teknologiens anvendelse i praksis.



Jannet Aksnes, grunder, eigar og dagleg leiar for PopUp Norge.

Ho har 30 års bransjeferaring frå reiseliv, event og arrangement. I tillegg til å vere vertinne og tilrettelegger, har ho spesialisert seg på Norge som turistdestinasjon, for det utanlandske High End Markedet.



Ivar Børge Seljeset: Odelsgut på gardsbruk i Hornindal på Seljeset, utdanna agronom og tilleggsutdanning innen mjølkeproduksjon og robotteknologi. Driv eige firma der Landbruket er hovudkunden Styremedlem i Hornindal Bondelag og med i prosjektet klimasmarte spydspisbønder



Torkel Hofseth: Torkel har jobba med skogbruk i Sogn og Fjordane og Vestland sidan 1995, mesteparten av tida som fylkesskogmeister, men også som taubaneentrepreneur. Han er oppteken av næringsutvikling, tilgjengeleggjering og utvikling av skogressursane og eigedomssamarbeid, og meiner at vi burde foredle all skogen vi høgg lokalt.

## Desse treff du på konferansen



Jon Anders Stavang: Jon Anders er dagleg leiar ved Norsk Hjortesenter. Han jobbar saman med næringsaktørar, kommunar, faglag, Statsforvaltaren og Vestland fylke for å skape næringsaktivitet og lokal verdiskaping basert på både tam og vill hjort.



Ragnhild Kjøsnes siktar mot brekanten og ser etter korleis alt som veks derifrå og nedover mot fjorden kan brukast til å produsere mat, så kortreist og klimavenleg som råd er. Her lever geitekillingar og stutekalvar det gode liv på landet og blir verd si vekt i gull.



Ingrid Kristiane Fardal, programansvarleg for LivOGlyst - eit program for lokalsamfunnsutvikling i Vestland Fylkeskommune. LivOGlyst er eit program for innbyggjarar i Vestland fylke som vil skape nytt engasjement, trivsel og aktivitet i lokalsamfunna sine.



Ole Johnny Fjorde Solberg, Utdanna agronom ved Skjetlein VGS og studerte husdyrvitenskap ved Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet.  
Har jobba innan landbruk sedan si første slåttonn i år 2004. har no ansvar for Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi ved Fagskulen Vestland.



Joar Helgheim: Einingsleiar Landbruk og miljø, Sunnfjord kommune. Tidlegare dreng på garden "Muren" i Stardalen.